

Årsmøte i Jordvern Norge 29. november 2025

Scandic Solli, Oslo og Zoom

Før årsmøte vart det arrangert ein konferansedel der me tok opp aktuelle jordvernsaker.

Programmet var frå kl. 10-13.10

- Helsing frå landbruksminister Nils Kristen Sandtrøen og kommunalminister Bjørnar Skjæran.
- Matjordløftet, jordvernstrategi Moss og Råde kommuner i Østfold, med Harald Urstad, avd. leder Landbruksforvaltningen i Moss og Råde.
- Selvforsyning, samarbeid og beredskap, med Andreas Kvisle, seniorrådgjevar Statsforvalteren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.
- Beredskap, ny realitet eller tomme ord? Med Robert Mood.
- Gjenbruk av jordmasser fra utbyggingsprosjekter – reetablering av jordbruksareal ved jordflytting. Med Trond Knapp Haraldsen, seniorforsker i NIBIO.

Gjennomføring av årsmøte:

Disse deltok på årsmøte, fordelt på fysisk og digitalt oppmøte. Enkelte gjekk inn og ut av møtet som følgje av digital forbindelse.

Hanne Bredde Vig	Buskerud Jordvernallianse
Gunnar Hangeland	Jordvern Agder og Valgkomiteen Jordvern Norge
Maren Kjølberg	Jordvern Akershus og Oslo
Atle Frantzen	Jordvern Møre og Romsdal
Kaja Langvik-Hansen	Jordvern Nordland
Gunnar Alstad	Jordvern Trøndelag
Thorleif Müller	Jordvern Vestfold
Hildegunn Seip	Jordvern Norge, Jordvern Agder
Helge Skår	Jordvern Østfold
Kirsti Eikenes	Jordvern Østfold
Karianne Skotte	Jordvern Møre og Romsdal
Katharina Fagertun	Jordvern Nordland
Ann Norderhaug	Jordvern Norge
Are Hauge Braaten	Jordvern Norge, sekretær
Olav Martin Synnes	Jordvern Norge

Trond Bjørkås	Jordvern Norge
Øyvind Kjølberg	Jordvern Oslo og Akershus
Kristian Østbye	Jordvernalliansen Oslo Akershus
Leif Inge Grebstad	Jordvern Møre og Romsdal

Sekretær Are Hauge Braaten var referent. Eitt representativt utval av innlegga vart protokollført, men alle innlegg vart ikkje protokollført.

Saker til handsaming:

1-25 Godkjenne innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og saksliste vert godkjend.

Protokoll:

Vedtak: Innkalling og saksliste vert godkjend.

2-25 Velgje møteleiar

Forslag til vedtak:

Protokoll: Øyvind Kjølberg veljast som møteleiar

Vedtak: Øyvind Kjølberg veljast som møteleiar.

3-25 Velgje 2 til å underskrive protokoll, saman med møteleiar

Forslag til vedtak:

Protokoll: Atle Frantzen og Helge Skår veljast til å underskrive protokollen.

Vedtak: Atle Frantzen og Helge Skår veljast til å underskrive protokollen.

4-25 Behandle årsmelding 2024-2025

Vedlegg: Sak 4 Årsmelding

Forslag til vedtak: Årsmeldinga vert godkjend.

Protokoll:

Vedtak: Årsmeldinga vert godkjend.

5-25 Rekneskap 2024 og 2025

Vedlegg: Sak 5 Rekneskap 2024 og Rekneskap 2025 til november

Av tekniske årsaker vert den endelege rekneskapen for 2025 handsama av årsmøte i 2026, etter at årsmøtet har vore orientert om rekneskapen fram til november. Styret har fått årsmøtes godkjenning til å ferdigstille rekneskapen slik den kan verte nytta til rapportering til staten i juni.

Behandle rekneskap for 2025 januar-november

Forslag til vedtak: Rekneskapen for 2024 vert godkjend. Rekneskapen 2025 februar-november vert tatt til orientering. Den ferdigstillast av styret og vert lagt fram for endeleg godkjenning i årsmøte 2026.

Protokoll: Buskerud: Anbefaler å starte med eigne budsjett og rekneskap for prosjekt man søker støtte til. Agder: Hente inspirasjon frå det arbeidet Moss og Råde gjer, til resten av landet.

Vedtak: Rekneskapen for 2024 vert godkjend. Rekneskapen 2025 februar-november vert tatt til orientering. Den ferdigstillast av styret og vert lagt fram for endeleg godkjenning i årsmøte 2026.

Til neste rekneskap skal prosjektrekneskapen komme meir tydeleg fram.

6-25 Behandle arbeidsplan for 2026

Vedlegg: Sak 6 Arbeidsplan

Forslag til vedtak: Arbeidsplan for 2026 godkjennast.

Protokoll: Det var fleire ukorrekte årstal som vert korrigert til endeleg versjon.

Nordland: Organisasjonen bør styrkast ved å etablere felles tenester for fylkeslaga. Ønsker fleire fellesmøter.

Vedtak: Arbeidsplan for 2026 godkjennast med merknad om årstal og aukar fellesmøta til 3 i året.

7-25 Behandle budsjett for 2026

Forslag til budsjett for 2026:

Budsjett Jordvern Norge 2026		
Inntekter:		Note:
Tilskot over statsbudsjett	kr 315 000,00	7
Sponsormidler, private aktørar	kr -	
Prosjektmidler Bærekraftfondet	kr -	6
Sum:	kr 315 000,00	
Utgiftar:		
Sekretariat	kr 100 000,00	1
Digitale verktøy og kontorrekvisita	kr 20 000,00	2
Profileringsmateriell	kr 7 000,00	
Årsmøte i Jordvern Norge	kr 50 000,00	3
Styremøter	kr 30 000,00	4
Andre reisekostnadar	kr 30 000,00	5
Jordvernkonferanse og andre fagmøter	kr 40 000,00	
Prosjekt Digitale jordvernverktøy	kr -	6
Sum:	kr 335 000,00	
Årsresultat:	kr 38 000	

- 1: Kostnad til sekretariat - dei siste åra har sekretariatet ikkje krevd honorar, men det arbeidast med å få på plass ein meir langvarig løysing og då må det være satt av nokon pengar til sekretariatet.
- 2: Domene til nettstad, abonnementar og liknande
- 3: Reisekostnadar, romleie, servering og andre møtekostnadar
- 4: Reisekostnadar og andre møtekostnadar ved fysiske styremøte.
- 5: F.eks deltakelse på eksterne prosjekt, møter i fylkeslag eller liknande
- 6: Prosjekt Digitale jordvernverktøy er støtta av Bærekraftfondet og vart betalt i tidlegare år
- 7: Justeres i tråd med statsbudsjettet. I forslag til statsbudsjett for 2026 er det lagt inn støtte til JN-

Forslag til vedtak: Budsjett for 2026 vert godkjend. Styret får fullmakt til å justere budsjettet i tråd med statlege overføringar.

Protokoll: Buskerud: Auke posten til sekretariat med kr 38.000. Nordland: Styrke reisekostnader med kr 20.000.

Vedtak: Budsjett for 2026 vert godkjend med en styrking av sekretariatet med kr 38.000 og reisekostnader med kr 20.000, og budsjettet får eitt samla underskot på kr 20.000. Styret får fullmakt til å justere budsjettet i tråd med statlege overføringar.

Budsjett Jordvern Norge 2026		
Inntekter:		Note:
Tilskot over statsbudsjett	kr 315 000,00	7
Sponsormidler, private aktørar	kr -	
Prosjektmidler Bærekraftfondet	kr -	6
Sum:	kr 315 000,00	
Utgiftar:		
Sekretariat	kr 138 000,00	1
Digitale verktøy og kontorrekvisita	kr 20 000,00	2
Profileringsmateriell	kr 7 000,00	
Årsmøte i Jordvern Norge	kr 50 000,00	3

Styremøter	kr 30 000,00	4
Andre reisekostnadar	kr 50 000,00	5
Jordvernkonferanse og andre fagmøter	kr 40 000,00	
Prosjekt Digitale jordvernverktøy	kr -	6
Sum:	kr 335 000,00	
Årsresultat:	kr -20 000,00	

1: Kostnad til sekretariat - dei siste åra har sekretariatet ikkje krevd honorar, men det arbeidast med å få på plass ein meir langvarig løysing og då må det være satt av nokon pengar til sekretariatet.

2: Domene til nettstad, abonnementar og liknande

3: Reisekostnadar, romleie, servering og andre møtekostnadar

4: Reisekostnadar og andre møtekostnadar ved fysiske styremøte.

5: F.eks deltakelse på eksterne prosjekt, møter i fylkeslag eller liknande

6: Prosjekt Digitale jordvernverktøy er støtta av Bærekraftfondet og vart betalt i tidlegare år

7: Justeres i tråd med statsbudsjettet. I forslag til statsbudsjett for 2026 er det lagt inn støtte til JN-

8-25 Velgje styre, revisor og valkomité

Forslag til vedtak:

Leiar:

Øyvind Kjølberg, leiar, attvalt 1 år med akklamasjon

Styremedlemmar:

Åse Helene Monsø, nestleiar og styremedlem, attvalt 2 år med akklamasjon

Hildegunn Marie Tønnessen Seip, ikkje på val

Olav Martin Synnes, ikkje på val

Trond Bjørkås representant frå Norges Bondelag, ikkje på val (fast repr.)

1.vara Ann Norderhaug, attval 1 år med akklamasjon

2.vara Øystein Haugerud, attval 1 år med akklamasjon

Revisorar:

Arne Nøkland, attval 1 år med akklamasjon

Borgar Kaasa, attval 1 år med akklamasjon

Valkomite 2026:

Sigbjørn Fjærvoll – leiar, 1 år att av valperioden

Gunnar Hangeland, 2 år att av valperioden

Pål Hagbart Johnsen, nyvalt for 3 år

Protokoll:

Vedtak:

Styret vart valt i tråd med valkomiteens innstilling, alle med akklamasjon.

9-25 Uttale frå årsmøte

Vedlegg: Sak 9 Uttale frå årsmøte

Forslag til vedtak: Uttala vert godkjend og kunngjort.

Protokoll:

Møre og Romsdal: Passe på å unngå å gje ein gåvepakke til jordflyttarar som vil bruke jordflytting som vikarierende argument for nedbygging. Presisere at jordflytting ikkje er jordvern.

Nordland: Forslag til ny tittel: Jorda må tas vare på

Vedtak: Uttala vert godkjend og kommunikasjonsgruppa justerer uttalen i tråd med innspela.

10-25 Strategi

Vedlegg: Sak 10 Strategi

Forslag til vedtak: Strategien vert godkjend.

Protokoll: Olav Synnes: Føye til NLR som samarbeidspartnar. Presisere punkt 3 om omdisponering, til å ha en setning om jordflytting. Buskerud: Endre til å "arbeide for at alle kommunar skal innføre obligatorisk planvask der tidlegare omdisponert areal frå LNFR tilbakeføres til LNFR" Østfold: Løfte frem jordkvalitet. Klare definisjonar, som f.eks dyrkbar mark. Nordland: Kantvegetasjon

Vedtak: Strategien vert godkjend, styret får fullmakt til å innarbeide merknadane.

Kl. 15.30 – Årsmøtet vart heva.

Signaturar:

Are Hauge Braaten, referent

Atle Frantzen

Helge Skår